



Takst & Eiendomstenester AS
Skodvinvegen 112
5956 HUNDEVIN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/302 - 15/5786

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

11.03.2015

Avvising av søknad - gbnr 59/2 Bergfjord - flytebrygge - gangveg - kaifront

Vi viser til Dykkar søknader om igangsettingsløyve, mottekne med vedlegg og journalførte den 06.02.2015. Det vises også til førebels svar (3 stk.) og motteken brev journalført den 26.02.2015.

Søknadene omfatter:

- 1) flytebrygge og landgang merket A
- 2) flytebrygge og gangveg merket B
- 3) kaifront og gangveg merket C

Historikk – rammeløyver av 31.01.2012

Plan og miljøutvalet handsama søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå reguleringsplan for Bergfjord camping i utvalsak 159/11 i møte den 24.08.11, jf pbl §§11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og §12-4 (rettsverknad av reguleringsplan), jf §19-2. Det vart fatta følgjande vedtak vedrørende flytebryggje merket B1 og B2, samt gangveg B3:

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for mindre flytebryggje, merka B1 på kart motteke 3.1.2011. Vilkår: Universell utforming skal dokumenterast i byggjesaka.

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for mindre flytebryggje, merka B2 på kart motteke 3.1.2011. Vilkår: Universell utforming skal dokumenterast i byggjesaka. Sørsida av tiltaket skal ikkje nyttast til langtidsplassering av båtar.

Det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Bergfjord camping for etablering av gangveg merka B3 på kart motteke 3.1.2011.

For grunngjeving av dispensasjonane vert det vist til saksframstillinga i utvalsaken.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Før igangsetjingsløyve kan gjevast, må universell utforming dokumenterast, jf vilkår for dispensasjon, jf. pbl § 19-2, 1. ledd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Plan og miljøutvalet handsama søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå reguleringsplan for Bergfjord camping i utvalsak 159/11 i møte den 24.08.11, jf pbl §§11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og §12-4 (rettsverknad av reguleringsplan), jf §19-2. Det vart fatta følgjande vedtak vedrørande flytebyggje merket B1 og B2, samt gangveg B3:

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av "kaifront" merka C1 på kart motteke 3.1.2011. Vilkår: Det skal ikkje være fending eller fortøyningsinnretningar på tiltaket.

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av gangveg, merka C2 på kart motteke 3.1.2011.

For grunngjeving av dispensasjonane vert det vist til saksframstillinga i utvalsaken.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Før igangsetjingsløyve kan gjevast, må universell utforming dokumenterast, jf vilkår for dispensasjon, jf. pbl § 19-2, 1. ledd.

Vurdering

Det er registrert fleire manglar ved søknadene. Manglane gjeld blant anna følgjande forhold:

- Ansvarleg søker har ikkje signert søknad om ansvarsrett (1-3)
- Det er ikkje dokumentert at krava til universell utforming er stetta (2-3)
- Mottekne teikningar er ikkje fagmessig utførte (2-3)

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5.

Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

| | |
|---------------------------|--------------|
| 10.2.11 Avvist sak | 2.200 |
|---------------------------|--------------|

| | |
|------------|--------------|
| SUM | 2.200 |
|------------|--------------|

Vedtak:

Søknaden er sendt i retur uhandsama, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.

Dokumenta vert arkivert i kommunen.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som

har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergfjord camping

Festevegen 273 5912

SEIM

Mottakarar:

Takst & Eiendomstenester AS

Skodvinvegen 112 5956

HUNDVIN